

Hei!

Me er i gong med implementering av ny timeliste for støttekontaktane våre. Denne timelista er heilelektronisk og vil ikkje krevja underskrift korkje frå støttekontakt eller brukar.

Du må logga deg på med id-porten (bank-ID/bank-ID på mobil) for å opna lista. Det var eit mål at alle skulle ta i bruk den nye lista før sommaren, men på grunn koronaviruset vil me ta den i bruk allereie for komande lønsperiode (timar utført i perioden mars/april).

Eg vil rå deg til å logga på og prøva ut innføring av datoar og timar utan å trykka send. Når tida kjem for å føra timar, bør du føra ned datoar og timar på eit ark eller som notat på mobilen, ha dette som ein kladd, og så mot slutten av perioden, føra alle timane inn i lista når du er klar til å senda. På siste sida i skjemaet, før innsending, vil du få opp ei side som syner kva du har ført inn. Det er svært viktig å dobbeltsjekka denne sida at alt er korrekt, før du trykker send. Når du har sendt lista vil du få opp ei kvitteringsside på skjermen. På denne sida kan du lasta ned skjemaet du sendte, og/eller be om å få det sendt til e-postadressa di.

Når du loggar på med id-porten vil namnet ditt bli automatisk utfylt.

Alt du elles treng å føra inn er:

- Tilsettnummer og brukarnummer. Fødselsdato treng me berre dersom du ikkje har fått tildelt tilsettnummer.
- Dato + Frå kl. og Til kl. Timane dette utgjør vert rekna ut automatisk. Timane frå dei ulike datoane vert også rekna saman automatisk. Hugs å bruka to desimalar når du fyller ut klokkeslett. Dato kan du anten velga frå kalenderikonet, eller skriva datoen inn. Kalenderikonet finn du ved sida at felta kor det står dd.mm.yyyy. Om du skriv inn datoen, må du skriva den slik: t.d. 26.03.2020. Punktum mellom dag, månad og år kjem automatisk.
- Timelista vil fungera både på datamaskinar og smarttelefonar.
- Om det er noko du lurar på eller treng hjelp til, må du gjerne senda meg ein e-post om det.
- Me vil inntil vidare ha heimekontor.

Slik vil timelista sjå ut:

Dato	Frå kl.	Til kl.	Tal timar
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
dd mm yyyy			0
Sum timar			0

Me må ha lista inn seinast 24.04.2020.

[Her finn du den nye timelista.](#)

Med venleg helsing,

**Åge Vallestad**

Sakshandsamar, Kulturtenester

**Stord kommune**

Direkte: +47 53 49 68 87

Telefon: +47 53 49 69 50

[www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.*

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.